

BACHELOROPPGÅVE

**Kvifor klarar nokre born seg godt trass i at dei opplever
familievald?**

av

Kandidatnummer: 100
Vilde Hjetland Løland

Sosialt arbeid

BSV5-300

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 100

Vilde Hjetland Løland

JA X NEI__

Innholdsliste

1.0 Innleiing	2
2.0 Lovverk og omfang	3
3.0 Problemstilling	5
3.1 Avgrensing.....	5
3.2 Sosialfagleg relevans	6
3.3 Førehandsforståing	6
4.0 Litteraturstudie	7
4.1 Kjeldekritikk.....	7
4.2 Val av litteratur.....	7
5.0 Kva er vald?	9
5.1 Familievald.....	9
5.2 Born som opplever familievald.....	10
6.0 Teorigrunnlag	10
6.1 Den utviklingsøkologiske modellen.....	11
6.2 Moglege konsekvensar av å oppleve familievald.....	12
6.2.1 Konsekvensar for tilknytning.....	12
6.2.2 Posttraumatisk stresslidning (PTSD).....	13
7.0 Resiliens	14
7.1 Risiko- og tryggleiksfaktorar	14
7.1.1 Faktorar i barnet.....	14
7.1.2 Faktorar i familien	15
7.1.3 Faktorar i nettverk, miljø og samfunn	15
8.0 Kvifor klarar nokre born seg godt trass i at dei opplever familievald?	16
8.1 Kva faktorar påverkar utviklinga av resiliens?.....	16
8.2 Samspel mellom ulike faktorar, ikkje ei årsaksforklaring.....	20
8.3 Vert resiliens framstilt som ein mirakelkur?	22
9.0 Avslutning	23
Litteraturliste	24

1.0 Innleiing

Familievald er eit alvorleg samfunnsproblem i Noreg, og kan føre til negative konsekvensar for born. Det kan skape utryggleik, helseskadar, tap av velferd og avgrensar den enkelte si livsutfolding og moglegheit til aktiv samfunnsdeltaking (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). I dei seinare åra har familievald fått meir merksemd. Dette kjem til uttrykk gjennom regjeringa sin handlingsplan «*Et liv uten vold – handlingsplan for vold i nære relasjoner 2014-2017*». Her vert det blant anna trekt fram at vald som blir utøvd i heimen er eit offentleg ansvar, sjølv om dette er eit inngripande tiltak. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar som er i strid med norsk lov og grunnleggande menneskerettar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Gjennom FN sin barnekonvensjon og Lov om barneverntenester forpliktar myndigheitene seg til å gje alle born og unge i Noreg rettsleg vern mot vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt (Øverlien, 2012).

I byrjinga av det 20.århundre trudde ein at ein dårleg barndom nesten utan unntak førte til problem som vaksen. I dag har vi mykje kunnskap om born som gjer at vi veit at utviklinga til born er meir komplisert. Resiliens kan medverke til at eit negativt utgangspunkt kan utvikle seg i ein positiv retning (Borge, 2010). Det er viktig å forstå kva mekanismar som bidreg til at nokre born klarar seg, fordi ein då kan etablere tiltak som kan verne eller førebyggje mot negative psykologiske vanskar (Bekkhuis, 2012). Tidlegare var det meir fokus på elendeperspektivet som fokuserte på problemåtferd, risikofaktorar i miljøet og kva terapi ein skulle setje inn. I dag er fokuset retta mot resiliensperspektivet, tryggleiksfaktorane i miljøet og å setje inn kompetansestyrkande tiltak (Borge, 2010).

Vald mot born kan få svært alvorlege konsekvensar for born og unge sine oppvekst- og levekår (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Ofte vert born sine opplevingar av familievald gløymd (Kyllingmark & Lillevik, 2013), og difor vil eg i denne oppgåva fokusere på borna si oppleving av valden. Først i oppgåva vil eg gå innpå nokre konsekvensar som førekjem av å oppleve familievald, og når eg gjer det vil eg nytte tilknytings- og traumeteori. I oppgåva vil eg fokusere på resiliens, risiko- og tryggleiksfaktorar til å kaste lys over kvifor nokre born klarar seg betre enn andre når dei opplever familievald. I oppgåva vil eg nytte meg av det utviklingsøkologiske modellen frå systemteori. Dette for å få ei forståing av resiliensomgrepet, og at ulike system påverkar barnet si utvikling av resiliens i ein risikofylt livssituasjon. Ved å avdekkje dei ulike årsakene til at born klarar seg bra, kan ein finne dei

ulike tryggleiksfaktorane som kan vere med å styrke utviklinga av resiliens. Dette gjer til at ein kan finne nye førebyggjande tiltak for born som er i desse risikosituasjonane (Borge, 2010).

2.0 Lovverk og omfang

Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar på lik linje med vald som skjer i andre kontekstar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Ved lov 21. desember 2005 nr, 31 vart det vedteke ei eiga straffeføresegn om mishandling i familieforhold ved ei endring av straffelova 1902 § 219:

Den som ved å true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, grovt eller gjentatt mishandler

- a) sin tidligere eller nåværende ektefelle eller samboer,*
- b) sin eller tidligere eller nåværende ektefelles eller samboers slektning i rett nedstigende linje,*
- c) sin slektning i rett oppstigende linje,*
- d) noen i sin husstand, eller*
- e) noen i sin omsorg*

straffes med fengsel inntil 4 år

Her kjem det tydeleg fram at vald mot ektefelle/sambuar og born er strengt forbode, og kan straffast med fengsel. Lovverket i Noreg og Regjeringa sin handlingsplan «*Et liv uten vold – handlingsplan for vold i nære relasjoner 2014-2017*», syner at det offentlege har tatt eit større ansvar for vald i nære relasjonar enn tidlegare (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

I dag er bruk av vald mot born strengt forbode i Noreg, men det har ikkje alltid vore slik. I Noreg vart det forbode å bruke fysisk straff mot born i 1987. Sidan Noreg ratifiserte FN sin konvensjon om barnet sine rettigheter i 1991 har det skjedd ei politisk endring (Øverlien, 2012). Det er vorte gjort ein rekkje slutningar som har sett søkjelyset mot valdsutsette born og deira rettigheter. Born som har vore vitne til lovbrøt som kan skade barnet sin tryggleik og tillit i forhold til ein nærstående person, har rett til å få valdsoffererstatning (Øverlien, 2012).

Lov om barn og foreldre (barneloven) § 30, tredje ledd slår fast at alle typar vald mot born, uansett formål, er forbode:

«Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Dette gjeld òg når valden brukast

som ledd i oppsedinga av barnet. Bruk av vald og skremmande eller plagsam framferd eller annan omsynslaus åtferd overfor barnet er forbode.»

I lova kan «skremmande eller plagsam framferd» og «omsynslaus åtferd ovanfor barnet» tolkast som den valden barnet opplever som vitne og direkte mot seg. I lova kjem skade eller fare for skade på den psykiske helsa tydeleg fram i ordlyden, jf. § 30, tredje ledd. Dette syner at det har skjedd ei endring på synet på vald både politisk og rettsleg i Noreg på kort tid. Lovendingane syner at ein ikkje skal langt tilbake i tid før samfunnet hadde eit anna syn på vald enn det har i dag.

Det er vanskeleg å få eit klart bilete av omfanget av born som opplever familievald i Noreg. I 2014 registrerte politiet 3075 meldingar om mishandling i familieforhold (Krisesentersekriteriatet, 2016). Dette fortel ikkje noko om kor mange born som vert ramma av denne familievalden, og gjev likevel ikkje eit riktig omfangsbilete. Valden vert ofte underrapportert, og ein antek at mørketala på vald i familien er store (Øverlien, 2012). Grunnen til dette er at valden som føregår i nære relasjonar, er prega av skyld, skam, tabu og frykt for negative konsekvensar dersom ein melder i frå (Krisesentersekriteriatet, 2016).

Dei siste 10 åra har det vorte gjort ein del forskning og undersøkingar rundt omfanget av born som opplever familievald. Mossige og Stefansen (2007) utførte den første landsomfattande og representative omfangsundersøkinga i Noreg. I denne undersøkinga deltok 7033 18-19 åringar som var elevar ved forskjellige vidaregåande skular i heile landet. Av dei som var med i undersøkinga var det 7 % som svarte at dei hadde vore vitne til fysisk vald mot mor minst ein gang i løpet av oppveksten, og at dette vart utført av far eller stefar. I undersøkinga kom det fram at 25 % hadde opplevd minst eit tilfelle av fysisk vald, og 8 % hadde opplevd grov vald frå minst ein av foreldra. Thoresen og Hjemdal (2014) har gjort ei undersøking på førekomst av vald og valdtekt i Noreg. Her kom dei fram til at 33 % prosent menn og 27,7 % kvinner har opplevd mindre alvorleg fysisk vald frå føresette i barndommen. I undersøkinga fann dei fram til kor som hadde opplevd alvorlig fysisk vald i barndommen, og her vart resultatet 5,1 % og 4,9 % kvinner (Thoresen & Hjemdal, 2014). Desse undersøkingane gjev eit bilete av omfanget i Noreg, men samstundes er det store mørketal.

3.0 Problemstilling

I mi oppgåve har eg vald å skrive om born som opplever familievald. Dette valde eg fordi det er eit svært interessant og aktuelt tema som eg hadde lite kunnskap om frå før. Eg er interessert i å lære meir om kva skade born kan få av vald, og kvifor born reagerer ein risikofylt livssituasjon. Eg synst det er interessant å finne ut kvifor nokre born klarar seg bra trass i at dei har opplevingar som skulle tilseie ei eventuell skeivutvikling. Dessutan er det viktig å ha eit fokus på borna som opplever familievald, då deira oppleving av vald fort kan verte oversett (Heltne & Steinsvåg, 2011).

Problemstillinga mi har eg vald å vinkle inn på kvifor born reagerer ulikt på opplevinga av familievald. Problemstillinga som eg skal svare på i oppgåva er følgjande:

Kvifor klarar nokre born seg godt trass i at dei opplever familievald?

3.1 Avgrensing

I oppgåva vil eg ikkje skilje mellom born som har vore vitne til vald eller born som har vore utsett for vald. I oppgåva omtalar eg det som skjer i heimen som familievald. Her vil fokuset vere på den valden som skjer hos kjernefamilien, altså den valden som skjer i heimen til barnet (Hjeltnes & Steinsvåg, 2011). Forskingsarbeidet eg har brukt i oppgåva tek utgangspunkt i born som opplever å vere vitne til vald, men nokre av borna er direkte utsette. Difor vil eg ikkje gjere noko forskjell på om det er born som har vore vitne til vald mellom omsorgspersonane, eller om barnet sjølv har verte utsett for valden.

I forskning og litteratur eg har funne om vald er det tatt utgangspunkt i at far er voldsutøvar, og eg vil difor ha dette som utgangspunkt i oppgåva. I familiar der mor vert usett for vald, aukar risikoen for vald mot born (Øverlien, 2012). Her er det viktig å presisere at ein ikkje utlukkar at mor kan utøve vald. Dette vil likevel ikkje vere eit gjennomgåande fokus, då fokuset i oppgåva er på korleis born opplever valden. I oppgåva tek eg utgangspunkt i den fysiske valden som skjer i heimen, men å vere vitne til vald er ei form for psykisk vald (Heltne & Steinsvåg, 2011). I oppgåva er det valden barnet vert utsett for i heimen som er hovudfokus, men eg vil diskutere rundt andre faktorar rundt barnet som har tyding for konsekvensane og utvikling av resiliens. I oppgåva tek eg ikkje omsyn til dei ulike aldersgruppene, då utvikling av resiliens er ein prosess som skjer gjennom oppveksten. Likevel vil delar av oppgåva bere

preg av teoriar som er mest sentrale for små born, men dette vil verte presisert når eg nyttar desse.

3.2 Sosialfagleg relevans

Som sosionom vil ein møte både born og vaksne som har opplevd vald i familien, og dette er difor eit viktig kunnskapsfelt. I rammeplanen for sosionomutdanning står det i kompetansemåla at ein skal ha kunnskap om ulike problem hos born, og kva konsekvensar vald kan ha for born. Dette til dømes om psykiske problem og reaksjonar som konsekvens av valden. Ein viktig del av rammeplanen er kva stressreaksjonar born kan få, og korleis barn mestrar dette (Rammeplan sosionomutdanning, 2005). Kunnskap om resiliens og innsikt i reaksjonsmåtar hos risikoborn med ei tilfredsstillande utvikling, kan vere med å hjelpe risikoborn som ikkje har ei slik utvikling (Borge, 2010).

3.3 Førehandsforståing

Det er viktig å møte det fenomenet ein skriv om så føresetningslaust som mogleg, men ein kan ikkje unngå å ha tankar om temaet på førehand (Dalland, 2012). Eg har ei oppfatning av at born som opplever vald ofte kan få det vanskelegare i seinare liv. Born si oppleving av vald og konsekvensar av valden er eit tema som burde fått meir merksemd, både i samfunnet og i utdanningsinstitusjonane. Myndighetene har i 30 år gjort ein innsats for å kjempe mot vald i nære relasjonar. Likevel er det ikkje slik at grunnutdanningar i helse- og sosialfag er pålagt å ha undervising om dette temaet (Jonassen, 2014). I 2014 vart det innført ei målsetting om å innføre eit felles innhald om vald i nære relasjonar i helse- og sosialfaglege grunnutdanningar (Jonassen, 2014). Dette syner at det først no dei siste åra at har vorte eit auka fokus på dette. Det er viktig at lesarane av oppgåva forstår at fokuset på resiliens og dei borna som klarar seg godt trass i at dei opplever familievald ikkje er ei bagatellisering av vald. Ofte set ein søkjelyset mot det som går gale (Borge, 2010), men i denne oppgåva vil eg sjå på kvifor det går bra fordi ein då kan få eit større fokus på det førebyggande arbeidet. Dette fordi denne kunnskapen, i praksis har større og betre verknadar for å utvikle førebyggande tiltak, enn kunnskap om negative tilhøve (Bekkehus, 2012).

4.0 Litteraturstudie

Metode fortel noko om korleis ein bør gå fram for å skaffe eller etterprøve kunnskap (Dalland, 2012). For å svare på problemstillinga mi har eg vald litteraturstudie som metode og framgangsmåte. Ein litteraturstudie vil seie at ein tar eit omfattande søk i den allereie eksisterande litteraturen (Støren, 2013). Gjennom litteraturstudie hentar ein data frå andre si forskning, og knytte dette opp til tema og problemstilling for oppgåva (Dalland, 2012). I oppgåva vil eg bruke forskingsartiklar, fagartiklar og ulike bøker knytte opp mot problemstillinga. Dette omfattar både teoretiske perspektiv, ulike omgrep og funn frå forskingsarbeid. Litteraturstudie var den metoden som var mest relevant å bruke til å få svar på mi problemstilling, då det er tilstrekkelig forskingsarbeid rundt temaet. For meg ville det vore nærast umogleg både tidsmessig og metodologisk å få til intervju med born som opplever vald. Difor var ikkje ei empirisk undersøking eit alternativ i denne oppgåva.

For å finne data til mi oppgåva har eg brukt biblioteket sin database Oria. I tillegg har eg brukt Google Scholar og Google. Her har eg brukt søkjeord som «barn som opplever vold», «resiliens», «barn og vold» og «barn i risiko».

4.1 Kjeldekritikk

Det er viktig å vere kritisk til det kjeldematerialet ein brukar i oppgåva (Dalland, 2012). Eg har funne mykje forskning som omhandlar born som opplever familievald. Det har vore utfordrande å velje ut dei viktigaste og mest relevante kjeldene. Her er det viktig å sjå på gyldigheit og relevans for problemstilling. Dette kjem fram av kven som har skrive teksten og kva formålet med teksten er (Dalland, 2012). Når ein les forskingsarbeid er det lett å skape sine eigne tankar og tolkingar kring det som vert skrive i forskingsrapportane. Her kan det vere fare for at eg har lese data feil eller tolkar det som vert skrive i forskinga på ein anna måte enn det som var meint. Bøkene som vert brukt i oppgåva er det som vert kalla sekundærkjelder. Det som kan vere problematisk med dette er at det er andre si tolking av forskning som kjem fram i bøkene (Dalland, 2012).

4.2 Val av litteratur

I oppgåva vil eg nytte meg av nordisk og norsk forskning. Det nordiske forskingsfeltet har utvikla seg i ei anna retning og er på mange måtar annleis enn det angloamerikanske

(Øverlien, 2012). Den nordiske forskinga vert forstått i lyset av det auka samfunnsfokuset på barn som sjølvstendige aktørar og rettssubjekt. Dette er ei utvikling som er svært sterk og sentral i dei nordiske landa (Øverlien, 2012). Sidan eg har valt å ha eit fokus på borna har eg difor vald å fokusere på den nordiske forskinga.

Sentral i oppgåva er boka *Vold i hjemmet – barns strategier* av Carolina Øverlien. Øverlien har gjort kvalitative intervju med born som opplever vald heimen, og analyserer kva strategiar borna brukar i valdsituasjonane. Carolina Øverlien er Forskar II ved Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKTVS), seksjonen barn og unge. Øverlien er også dosent ved Stockholm universitet, Institutionen för socialt arbete (Universitetsforlaget, 2016). Ho har forska på born og vald i nære relasjonar i fleire år, og er ein anerkjent forskar innanfor sitt felt. I tillegg har Øverlien publisert fleire bøker og artiklar om born, ungdom og vald.

Forskarane Lihong Huang og Svein Mossige ved Valdsprogrammet på Høgskolen i Oslo og Akershus (HIOA) har forska på resiliens blant norske ungdommar som mellom anna har opplevd vald (Balic, 2015). Forskingsprosjektet «*Resilience in young people living with violence and self-harm: evidence from a Norwegian national youth survey*» vart utført i 2015 av Mossige og Huang. Denne forskinga er nyttig fordi dei har funne ut kva faktorar som påverkar negativt og kva faktorar som fremmar ei positiv utvikling, og vert sentral i drøfting av problemstilling.

I oppgåva har eg brukt boka *Barn som lever med vold i familien – Grunnlag for beskyttelse og hjelp*, som er skriva av Unni Heltne og Per Øystein Steinsvåg (red.). Unni Heltne er psykolog ved senter for krisepsykologi (SFK) i Bergen og Per Øystein Steinsvåg er psykolog ved Alternativ til vold (ATV) i Oslo. Dei har fått moglegheita til å møte born og foreldre som opplever vald i familien, og har samarbeida med mange deler av hjelpeapparatet, blant anna barnevernet (Heltne & Steinsvåg, 2011). Boka har vore nyttig for å forklare teori og omgrep som er viktig for å få ei forståing av familievald.

Ei anna viktig bok oppgåva er *Barn i risiko – skadelige omsorgssituasjoner*, som er skriva av Øyvind Kvello. Øyvind Kvello har doktorgrad i utviklingspsykologi, er professor II i psykologi ved Universitet i Tromsø og forskar ved RBUP Øst og Sør. Kvello har skriva fleire forskingsartiklar, bidrege i ein rekkje nasjonale utredningar og utarbeida statlege rettleiingar

for fleire hjelpetenester (Gyldendal, 2016). Denne boka har vore nyttig i diskusjons- og drøftingsdelen.

5.0 Kva er vald?

Det er krevjande å definere kva vald er då det finst mange ulike definisjonar og forståingar av omgrepet. Vald kan skje på mange ulike måtar og i mange ulike kontekstar. Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer vald slik:

“Violence is the intentional use of physical force or power, threatened or actual, against oneself, another person, or against a group or community, which either results in or has a high likelihood of resulting in injury, death, psychological harm, maldevelopment, or deprivation.”(WHO, 2016).

I Verdens helseorganisasjon sitt valdsomgrep inngår både fysisk vald, seksuelle og psykologiske overgrep og omsorgssvikt (NKVTS, 2016). Denne definisjonen omfattar den fysiske og psykologiske valden, og kva denne valden kan føre til. Samstundes har Per Isdal ein anna måte å definere valden på. Denne definisjonen fokuserer på handlinga: «*Vold er enhver handling rettet mot en annen person som ved at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller å slutte å gjøre som den vil*» (Isdal, 2000, s.36).

Denne definisjonen fokuserer på handlinga i seg sjølv, konsekvensane (Isdal, 2000) og kva funksjon valden har (Heltne & Steinsvåg, 2011). Isdal (2000) si forståing av definisjonen er at det er handlingar som føregår mellom menneske. Det vert sett på som ei funksjonell handling. Sentralt i definisjonen er budskapet sitt element, det at ein påfører skade, smerte, frykt eller krenkelse. Valden er målretta fordi den skal påverke eller styre åtferda til ein anna person (Isdal, 2000). Dette er noko som er mogleg å knytte opp mot familievald. Ofte er det anten ein målretta handling mot den andre omsorgspersonen, men det kan også vere mot barnet. Dei ulike definisjonane gjev ulike bilete på forståing av vald, men er viktig for å få ei samansett forståing.

5.1 Familievald

Familievald er eit komplekst omgrep som vert brukt i mange samanhengar. Vald i nære relasjonar, eller familievald, vert brukt om: «*vold og overgrep som rettes mot*

familiemedlemmer, samlivspartnere, barn, søsken og foreldre, eller mot andre som lever i stabile bofellesskap» (NKVTS, 2016). Svært mange av dei borna som er vitne til vald mellom foreldra, vert også utsett for direkte vald. Valden skjer i barnet sin omsorgssituasjon, eller i familien elles (Hjeltnes og Steinsvåg, 2011). Det er svært alvorleg at valden skjer i heimen då dette i utgangspunktet skal vere ein trygg arena for born.

5.2 Born som opplever familievald

Familievald rammar borna hardast. Dette fordi born i utvikling er meir sårbare enn dei vaksne. Born som lever med familievald har større risiko for avvikande utvikling enn born som ikkje vert eksponert for vald i familien (Heltne & Steinsvåg, 2011). Ein kvar form for vald kan gje store konsekvensar for barnet sin vekst, utvikling, helse og livskvalitet (Statens Barnehus, 2016). Born opplever familievald med alle sansar. Born opplever valden ved å sjå og høyre den. Dei kan sjå korleis den lagar materielle skadar som til dømes blåmerke, og ved å kjenne på ei uroleg og stemt spenning i heimen (Øverlien & Hydèn, 2007). Borna si oppleving av valden og skadane barnet vert utsett for kan fort verte oversett (Heltne & Steinsvåg, 2011).

6.0 Teorigrunnlag

Familievald kan forklarast og diskutert ut frå ulike teoretiske ståadar, og med utgangspunkt i ulike perspektiv (Heltne & Steinsvåg, 2011). I oppgåva har eg valt å fokusere på nokre spesifikke teoriar og perspektiv. Tilknytning- og traumeteori, frå psykologen, vil vere viktig når eg skal gå inn på konsekvensane av vald. Tilknytning, bandet mellom born og omsorgspersonar, har stor tyding for barnet si utvikling (Heltne & Steinsvåg, 2011). Dette er grunnen til at eg har vald å ha eit fokus på dette. Vald kan for mange opplevast som ein traume, og spesielt dersom denne varar over tid (Dyregrov, 2010). Difor er dette viktig for å få ei forståing av korleis vald kan opplevast for born. I oppgåva vil eg ha eit barneperspektiv, fordi eg tek utgangspunkt i korleis borna opplever familievalden. Barneperspektivet gjer til at barnet vert sett på som sjølvstendige individ, med eigne behov, interesser og rettigheter (Heltne & Steinsvåg, 2011). Resiliensomgrepet kan verte forstått ut frå systemteori, nærare bestemt den utviklingsøkologisk modellen.

6.1 Den utviklingsøkologiske modellen

Tidlegare fokuserte resiliensforskninga på det enkelte individ, men etter kvart vart dette problematisk fordi ein ikkje såg på miljøet og samfunnet rundt individet. Den tradisjonelle tilnærminga på resiliens har sitt grunnlag frå systemteori, og legg vekt på samanhengar mellom risiko- og tryggleiksfaktorar, sirkulære samanhengar og overføringsprosessar (Førde, 2012).

Den amerikanske utviklingspsykologen Urie Bronfenbrenner har utvikla det som vert kalla ein økologisk modell (Broberg, Almquist & Tjus, 2006). Bronfenbrenner, referert i Bø (2000) definerer utviklingsøkologi slik: «*Utviklingsøkologi omfatter det vitenskapelige studiet av fremadskridende, gjensidige tilpasningen mellom et aktivt, voksende menneske (an active, growing human being) og de foranderlige egenskapene ved det umiddelbare nærmiljøer (settings) som personen i utvikling lever i og av de utvide sammenhenger som omgir nærmiljøene*» Dette syner korleis miljøet rundt barnet har ei tyding for utviklinga. Den økologiske utviklingsmodellen er viktig for å få ei forståing av at ein må sjå heile systemet rundt barnet. Den utviklingsøkologiske modellen legg vekt på gjensidig avhengige forhold som verkar inn på born si utvikling (Kvaran, 2010). Modellen gjev ei forklaring på korleis menneske vert påverka av erfaringar frå hendingar på fire ulike nivå (Kvaran, 2010).

Mikrosystemet er der born er i direkte kontakt med dei som bidreg til utvikling og sosialisering (Kvaran, 2010). Dei første leveåra er dette først og fremst familien, men seinare vert barnehage, skule og vener viktige (Broberg et al., 2006). Mikrosystemet som barnet er ein del av samhandlar med kvarandre, og måten denne interaksjonen fungerer har ei tyding for dei ulike mikrosystema. Denne interaksjonen vert kalla mesosystemet, og kan til dømes vere korleis foreldre og barnehagen samarbeider. Det neste nivået kallar Bronfenbrenner for eksosystemet, dette kan til dømes vere lokalsamfunnet (Broberg et al., 2006). Her vert barnet utsett for indirekte påverknadar gjennom hendingar og situasjonar som har tyding for dei menneska som barnet er i samspel med (Kvaran, 2010). Det siste nivået i modellen er makrosystemet. Det vil seie dei overordna verdiane i samfunnet som påverkar barnet og foreldra. Lovgjevinga som forbyr fysisk straff i oppsedinga kan vere eit godt eksempel som set grenser for kva som er akseptabel foreldreåtferd (Broberg et al., 2006). Borna i den utviklingsøkologiske modellen vert eininga i systemet, og vert difor ein aktør, og ikkje berre eit resultat av oppseding (Kvaran, 2010). Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell er

viktig for å få ei forståing på korleis dei ulike delane i livet til barnet henger saman, og for å få ei heilskapleg forståing på kva som påverkar barnet.

6.2 Moglege konsekvensar av å oppleve familievald

I dag er det god dokumentasjon for dei langvarige negative konsekvensane det har for born å oppleve vald i familien. I Thoresen og Hjemdal (2014) sin rapport om «*voldtekt og vald i Noreg*» har dei forska på kva konsekvensar som kan førekome av å oppleve vald i familien. Dei fann blant anna ut at dersom born har vore vitne til vald, kunne det gje ein auka risiko for utagerande åtferd. Born som er vitne til vald kan oppleve ein følelse av hjelpelause, fordi dei ikkje har noko moglegheit til å påverke situasjonen, og dette kan føre til lært hjelpelause. Følelsen av hjelpelause kan føre til at barnet har høgare risiko for å utvikle depressive tankar og følelsar (Thoresen og Hjemdal, 2014). Oppleving av familievald kan også gjeve ein auka risiko for å utvikle åtferdsvanskar og psykiske problem (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Borna kan verte meir aggressive og trassige, og har større sannsyn for å kjenne seg triste og redde enn andre born (Statens Barnehus, 2016).

Det å vere vitne til at mor vert utsett for vald av far kan gje ein rekkje psykologiske konsekvensar. Det kan gje høgare risiko for angst og uro, depresjon og aggressivitet (Øverlien, 2012). Dette fordi det er mor som ofte er næraste omsorgsperson, og borna vert påverka når denne personen er i fare. Forsking syner altså at erfaringar med vald i familien kan ha alvorlege konsekvensar for utviklinga. Samstundes kan ikkje forskinga vise til at vald påverkar alle born på same måte (Braarud & Raundalen, 2011).

6.2.1 Konsekvensar for tilknytning

Tilknytingspsykologi kan gje ei auka forståing av korleis vald påverkar kvart enkelt born. Alle born utviklar tilknytingsband til omsorgspersonane, men kvaliteten på denne tilknytninga kan variere. Tilknytninga mellom barnet og omsorgspersonane kan vere ein avgjerande faktor for korleis barnet vert påverka av familievald (Braarud & Raundalen, 2011).

Dersom små born opplever familievald, kan dette påverke tilknytninga mellom barnet og omsorgspersonar (Braarud & Raundalen, 2011). Desorganisert tilknytning kjenneteiknar born som lever under kronisk stress, som familievald kan vere. Born med desorganisert tilknytingsmønster har ei konfliktfylt åtferd. Dette kan barnet vise med til dømes å søke

forelderen, men at barnet samstundes blir lammet av frykt (Helte & Steinsvåg, 2010). Samanhengen mellom tilknytning og traumar er i følge forskning svært høg. Carlson (1998) referert i NOU (2012:5, s. 205) viser at 80 % av born som opplever vald og seksuelle overgrep av eigne omsorgspersonar, utviklar eit desorganisert tilknytingsmønster (NOU 2012:5). Born som tidleg i livet opplever vald, og som utviklar desorganisert tilknytning, får eit dårleg utgangspunkt med seg vidare i livet. Denne type tilknytning er sterk forbunde med problem i barne- og ungdomsalder. Ofte kan desse borna ha det vanskeleg med å handtere fryktskapande situasjonar og å regulere sine eigne følelsar (Braarud & Raundalen, 2010).

Dersom eit born vert utsett for vald frå foreldre, eller om foreldra sjølv vert utsett for vald, kan foreldra verte ein kjelde til utryggleik og uføreseieleg. Dette kan gje store konsekvensar for utviklinga til barnet (NOU 2012:5). Mor er ofte barnet sin næraste tilknytingsperson, deretter kjem far. Vald mellom mor og far kan gjer til at barnet utviklar ein utrygg tilknytingsfigur (Kvelling, 2011). Ein desorganisert tilknytning kan få konsekvensar for samspelet mellom barnet og foreldra. Barnet kan seinare få ein indikasjon på at ein ikkje burde kome nær andre menneske fordi dette kan vere farleg. Når barnet vert vaksen kan ein få problem med nærleik og avstand til andre menneske (NOU 2012:5). Dette syner at vald kan ha stor innverknad på tilknytning, og dårleg tilknytning kan igjen få store konsekvensar for born.

6.2.2 Posttraumatisk stresslidning (PTSD)

Det å oppleve familievald kan vere ei potensiell traumatisk hending for born (Øverlien, 2012). Det å vere vitne til alvorlege hendingar, andre sin død eller alvorlege skader, kan medføre traumatiske verknadar (Dyregrov, 2010). Dersom små born opplever vald frå familiemedlem, kan det føre til at dei lærer å ikkje føle noko, og at dei manglar tillit til vaksne. Dette kan føre til at barnet kan få vanskar med å byggje opp relasjonar med andre. Dersom born opplever desse traumane allereie før skulealder kan dette påverke reguleringa av følelsar, og utviklinga av sjølvstende og toleranse (Dyregrov, 2010).

Born som opplever traumatiske situasjonar kan utvikle det som vert kalla posttraumatisk stresslidning (PTSD). Born som utviklar denne lidinga må ha opplevd ein alvorleg skade, dødsfall eller trussel om dette. I desse situasjonane må barnet ha reagert med frykt, hjelpelause eller redsel i situasjonen (Dyregrov, 2010). Born som vert utsett for vald vil ofte ha desse reaksjonane og følelsane. Det som skjer med barnet dersom dei utviklar PTSD er at

dei får ubehagelige minne om valdsepisodane, sosial isolering, konsentrasjonsvanskar og sinneutbrot og søvnevanskar (Statens Barnehus, 2016).

7.0 Resiliens

Omgrepet resiliens er henta frå det engelske omgrepet «resilience». Eit alternativt norsk ord kan til dømes vere motstandskraft (Borge, 2010). Rutter (2006) referert i Borge (2010) definerer resiliens som «*prosesser som gjør at utviklingen når et tilfredsstillende resultat, til tross for at barn har hatt erfaringer med situasjoner som innebærer en relativt stor risiko for å utvikle problemer eller avvik*» (Borge, 2010). Resiliens dreiar seg om born sin motstandskraft mot å utvikle psykiske problem, og det koplar eigenskapar hos barnet til eigenskapar i miljøet. Dette er komplekse samspel mellom menneske og risikofylte omgjevnadar. Samspel mellom individuelle forskjellar og miljø som avgjer om det vert ei vellykka tilpassing eller ikkje (Borge, 2010).

7.1 Risiko- og tryggleiksfaktorar

Risikofaktorar er forhold og omstende som gjer til at sannsynet for seinare skeivutvikling og vanskar aukar (Bekkhus, 2012). Tryggleiksfaktorar er faktorar som dempar risikoen for å utvikle problem når det er risikofaktorar til stades. Både risiko- og tryggleiksfaktorane omfattar både dei genetiske, biologiske, mentale, miljømessige og sosiale faktorar (Kvello, 2011).

7.1.1 Faktorar i barnet

Temperamentsforskjellar hos born kan vere med å påverke korleis ein mestrar traume både negativt og positivt. Dette kan til dømes avgjere kva situasjonar barnet ser på som stressfylte (Dyregrov, 2010). Temperament er eit særeige trekk ved barnet når det er nyfødt. Desse trekka kan vere barnet sitt aktivitetsnivå, robustheit og sensitivitet (Bunkholdt, 2010). Det er individuelle forskjellar i korleis det går med born som er utsette for same type motgang og vanskar (Bekkhus, 2012). Sårbarheit hos barnet er ein viktig faktor, og unikt ved kvart eit individ. Har ein høg grad av sårbarheit kan det vere ein høgare risiko for at ein utviklar vanskar (Kvello, 2011). Personlegdom er eit viktig tilhøve hjå eller i barnet, og dette kan vere ein tryggleiksfaktor. Dyregrov (2010) syner til forskning som seier at born som er utettervendt

klarar å handtere kritiske situasjonar betre enn innettervendte born. Utettervendte barn er i betre stand til å mobilisere og nytte seg støtte frå sine omgjevnadar (Dyregrov, 2010).

7.1.2 Faktorar i familien

Kvaliteten på relasjonen mellom foreldre og born kan variere frå god til dårleg, og dette kan påverke på kva effekt risikoen har. Dårlig kontakt, lite ros og engasjement hos foreldra kan svekkje barnet sitt sjølvbilete og tru på seg sjølv og gjer risiko vanskelegare å takle (Borge, 2010). Brot på nære relasjonar mellom born og foreldre kan vere avgjerande for utviklinga til barnet (Kvelling, 2011). Dette kan til dømes vere at tilknytninga mellom born og omsorgspersonen ikkje er trygg.

Familien har ei viktig oppgåve i å verne barnet mot vanskelege opplevingar og for å hjelpe barnet å handtere desse. Det å ha nærleik til familien er svært viktig (Øverlien, 2010). Dyregrov (2010) legg vekt på korleis foreldra har ein innverknad på barnet og korleis barnet reagerer. Motstandskraft vert over tid utvikla i eit omsorgsfullt miljø. Det er knytt til organiseringa av heimemiljøet, til foreldra si omsorgsevne og deira evne til å skape eit miljø der barnet utviklar ei sikker tilknytning. Ei god tilknytning er ein viktig tryggleiksfaktor som vert fremja av ein omsorgsfull og emosjonelt sensitiv omsorgsgjeving (Dyregrov, 2010).

7.1.3 Faktorar i nettverk, miljø og samfunn

Det finst både risiko- og tryggleiksfaktorar i nettverk, miljø og samfunn som påverkar barnet. Ein barnehage eller skule som vert prega av mykje arbeidsløyse, utskifting av tilsette, lite struktur og dårleg kontakt mellom vaksne og born er risikofaktorar som kan gjere til at ein lettare utviklar vanskar (Kvelling, 2011). Dersom ein til dømes bur i eit nærmiljø med mykje arbeidsløyse, kriminalitet og rusmiddelbruk kan dette vere belastande for barnet (Kvelling, 2011). Moglegheita for utdanning og få bra resultat på skulen er ein sterk tryggleiksfaktor for utsette barn si langsiktige utvikling (Øverlien, 2012). Ein god barnehage eller skule der ein vert inkludert, har gode relasjonar både til tilsette og andre barn kan vere viktige tryggleiksfaktorar for barna.

8.0 Kvifor klarar nokre born seg godt trass i at dei opplever familievald?

Born som vert utsett for familievald kan reagere på ulike måtar, og det er mange faktorar som påverkar utviklinga til barnet. Alder, grad av alvor, lengda på valden, barnet sitt forhold til den som utøver valden, barnet sine omsorgsrammer, barnet sin motstandsdyktigheit og sårbarheit er døme på nokon av desse faktorane (Statens Barnehus, 2016). Tidlegare i oppgåva har eg presentert kva konsekvensar familievald kan ha for born. Likevel er det ikkje slik at dette er konsekvensar som gjeld alle born, nettopp fordi born opplever og taklar stress på forskjellige måtar (Borge, 2010).

Utviklinga av resiliens handlar om samspelet fleire faktorar som både handlar om barnet, familien og samfunnet rundt (Øverlien, 2012). Robert og Masten (2004) referert i Kvello (2011, s. 156) skriv at systemet si tyding for born si utvikling av resiliens i aukande grad har vorte vektlagt i forskning og praksis. Det har difor vore meir fokus på systemteoretiske forklaringar på resiliens, og dette vert synleg gjennom Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell (Kvello, 2011).

I drøftinga nedanfor vil eg ha eit fokus på risiko- og tryggleiksfaktorar, og samspelet mellom desse, for å få eit bilete av kva som kan vere viktig utviklinga av resiliens. Det er viktig å ha fokus på risikofaktorane i livet barnet, slik at ein kan redusere desse. Samstundes er det viktig å ha eit fokus på kva faktorar som kan verne mot skeivutvikling (Bekkehus, 2012). I siste del av drøftinga vil eg diskutere resiliensomgrepet med eit kritisk blikk.

8.1 Kva faktorar påverkar utviklinga av resiliens?

Det å oppleve familievald kan som tidlegare nemnd føre til store konsekvensar for born. Samstundes syner Øverlien (2012) til fleire studie som påpeikar at eit stor tal born som hadde opplevd familievald ikkje viste målbare symptom eller reaksjonar. Det interessante er kva faktorar som ligg bak det at nokon born tek skade og andre ikkje av å verte utsett for vanskelege opplevingar (Øverlien, 2012). Born kan meistre livet etter traumatiske hendingar, i dette tilfelle vald, gjennom å nytte ulike strategiar for å klare kvardagen på ein betre måte (Dyregrov, 2010). Samstundes fann Øverlien (2012) gjennom si undersøking også at born som klarar seg tilsynelatande bra trass i at dei har opplevd familievald, kan forklarast på

bakgrunn av individuelle, sosiale og samfunnsmessige faktorar (Øverlien, 2012).

Dersom barnet har mange tryggleiksfaktorar i seg sjølv og rundt kan dette gjere til at barnet klarar seg bra trass i at dei opplever familievald. Nokon born har ein biologisk styrke, som til dømes roleg temperament, som kan vere med å verne trass i at barnet har opplevd familievald (Øverlien, 2012). Mossige & Huang (2015) kunne gjennom si undersøking understreke at dei medfødde faktorane har stor tyding for utviklinga av resiliens. Dei borna som hadde høg grad av motstandsdyktigheit, har ein betre evne til å bruke resursane rundt seg. Dette heng saman med den sosiale kompetansen til barnet, som er ein viktig tryggleiksfaktor (Mossige & Huang, 2015). Desse individuelle eigenskapane kan gjere til at barnet lettare søker vaksne, til dømes ein lærar. Dersom barnet har ein evne til å ta kontakt med andre menneske, kan det vere lettare å fortelje om valden som skjer heime. Det å ta kontakt med vaksne og snakke det som har skjedd er svært viktig, og kan ha stor tyding for livssituasjonen til barnet (Mossige & Huang, 2015).

Skam og skyldfølelse kan som tidlegare nemnd førekome hjå dei som opplever og er vitne til vald, og det kan difor vere lettare å trekkje seg tilbake frå andre menneske. Dersom barnet då har desse resursane i seg sjølv, kan ein til dømes lettare å søke hjelp hos andre menneske (Mossige & Huang, 2015). Samstundes kan frykt og angst vere viktige reaksjonsmønstre fordi det er vanlege reaksjonar på usunne omgjevnadar. Skyldfølelse kan vere ein mestringskomponent, fordi ein har tankar og åtferd som kan gjer til at ein lærar av det som har skjedd. Dette kan gjere til at barnet vert sterkare av det som har skjedd (Dyregrov, 2010). Dette syner at reaksjonar som i seg sjølv kan vere negative og farlege, faktisk kan bidrege til at barnet klarar seg betre trass i at dei har opplevd familievald.

Det er viktig å vere klar over at born reagerer forskjellig på ulike typar risikofaktorar (Kvello, 2011). Dette kan ein til dømes forstå ved å sjå på bornas sårbarheit, noko som er ein karakteristika ved alle individ. Alle menneske har ein sårbarheit ved seg, men nokre menneske er meir sårbare enn andre. Dei mest sårbare har ein større sjanse for å reagere negativt på ulike risikofaktorarar (Kvello, 2011). Andre born er meir robuste, men sjølv desse har sårbarheiter. Born kan ikkje vere motstandsdyktig mot alle typar risikoar. Dette vil seie at sjølv dei mest robuste borna kan utvikle alvorlege problem dersom dei opplever familievald. Difor kan ein ikkje sjå på sårbarheit som ein enkel faktor for å forklare resiliens. Born som har liten tilgang på tryggleiksfaktorar er meir sårbart, og risikoen for å oppleve

konsekvensane av vald kan verte større (Kvello, 2011). Det er ein genetisk sårbarheit ved barnet, men det er forhold i miljøet som gjer at desse gena vert aktive (Bekkehus, 2012). Dette vil seie at dei ulike mikrosystema har ei stor tyding for om barnet utviklar psykiske problem.

Foreldre er som tidlegare nemnd ein viktig tryggleiksfaktor for born som lever i ein risikosituasjon (Øverlien, 2012). Kim-Cohen mfl. (2004) referert i Kvello (2011, s. 156) har gjennom undersøkingar funne at miljøskapte forhold, saman med medfødde eigenskapar, er viktige faktorar i utviklinga av resiliens. Dei viktigaste faktorane i miljøet er at foreldra er sensitive, varme og gjev ein stimulerande omsorg for barnet (Kvello, 2011). Sensitiv omsorg og støtte frå det sosiale nettverket bidreg til at barnet utviklar ein trygg tilknytingsstil og eit positivt sjølvbilete med tru på å mestre og å vere verdt å elske. Dette gjev barnet god kompetanse slik at ein har tenelege mestringsstrategiar og vert sjølvstendig. Samstundes gjer det til at barnet vert interessert i eit sosialt fellesskap og nyttiggjere seg andre si støtte. Dette er nokon av resultatane dei komplekse prosessane som ligg til grunn for utvikling av resiliens, og dette skapar framtidsoptimisme (Kvello, 2011). Foreldra har difor ei viktig rolle ovanfor barnet, og skal gje dei tryggleik når born opplever vanskelege opplevingar.

Men kva om barnet ikkje får den sensitive omsorga og støtta frå foreldre? Born som lever med familievald får naudsynt ikkje den støtta dei treng frå foreldre i slike situasjonar då det er omsorgspersonane som utfører valdshandlingane. Den viktige støtta og bandet til foreldra kan vere redusert dersom barnet opplever familievald. Born sin moglegheit til å utvikle resiliens kan vere avhengig av korleis foreldra fungerer (Øverlien, 2012). Det at barnet opplever valden i heimen, som i utgangspunktet skal vere trygg, kan vere svært alvorleg. Når valden vert utført av ein omsorgsutøvar som utgangspunktet skal vere trygg og god, kan det auke risikoen for skeivutvikling (Dyregrov, 2010).

Kvello (2011) har laga eit eksempel som syner korleis ein vurderer risiko i lys av tryggleiksfaktorar. Dersom både far og mor har dårlig omsorgskompetanse, som er ein risiko, vil ikkje det seie at ein inkluderande skule kan vere ein tryggleiksfaktor ovanfor denne risikoen (Kvello, 2011). Dette viser at dersom barnet har tryggleiksfaktorar i mikrosystemet utanfor familien, vil ikkje dette naudsynt vege opp for den manglande støtta heime. Samstundes påpeikar Borge (2010) at mange av borna som klarar seg godt ofte har ein anna tydingsfull person utanom primæromsorgsgjevarane, som dei kan støtte seg på (Borge, 2010).

Dette kan til dømes vere besteforeldre eller andre viktige vaksenpersonar. Det er heller ikkje naudsynt slik at familievald gjer begge foreldra utilgjengeleg for barnet. Øverlien (2012) presiserer likevel at mange av borna måtte vere ein støttande og trøystande person for mor som vert utsett for vald. Av dette eksempelet kan ein moglegvis tenkje seg at barnet får lite tilgang og støtte frå mor. Samstundes syner Øverlien (2012) sine intervju at nokre av borna fekk god støtte av mor til trass for at ho vart utsett for vald, og at dette var viktig i utviklinga av resiliens.

Born som opplever familievald kan ha mange tryggleiksfaktorar i nettverket og miljøet rundt. Mossige & Huang (2015) har gjennom si undersøking funne ut at nettverk er svært viktig for utvikling av resiliens. For born som opplever vald kan skulen spele ei særskilt viktig rolle. Det er der borna oppheld seg mykje av tida (Øverlien, 2012). Dersom ein mestrar skulen kan dette vere ein viktig tryggleiksfaktor. Det kan gjere til at barnet opplever ein normaliserande skulekvardag, sidan kvardagen på heimearenaen kan vere svært kaotisk. Skulen er ein sosial arena for barnet, og venter kan ha ei stor tyding for barnet. Samstundes kan det vere slik at barnet ikkje opplever mestring på skulen (Øverlien, 2012). Nokon av borna opplever vald har som tidlegare nemnd ein høgare risiko for å oppleve angst og uro, depresjon og aggressivitet (Thoresen & Hjemdal, 2014). Borna kan ha problem med å byggje relasjonar med andre (Dyregrov, 2010). Skulen kan på denne måten vere ein arena borna ikkje mestrar, både fagleg og sosialt. Som tryggleiksfaktorar er skulen likevel svært viktig, og kan ha stor tyding for barnet si utvikling av resiliens.

Øverlien (2012) kan ut frå si forskning vise at borna si oppleving av hjelpeapparatet er særskilt viktig. Alle borna som Øverlien intervjuar understreka tydinga av å verte møtt som menneske. Dette syner at det er viktig å møte born som opplever familievald på ein slik måte at dei føler seg verdsett. Eit av borna Øverlien (2012) intervjuar budde i ein kommune som kunne tilby familien tryggleik på krisesenter. Familien hadde tilgang på ei sosialteneste som hadde eit godt tilbod til valdsutøvar, mor og born (Øverlien, 2012). Samstundes var det enkeltpersonar i dei ulike hjelpeapparatene som hadde vore til stor hjelp, til dømes ein sosialarbeidar som hadde hjelpt barnet til å forstå at det ikkje var åleine. Oppleving av at nokon ser deg, lyttar på deg og utførte handlingar ut frå det ein fortel er svært viktig. Dette kan igjen samspele med barnet sin evne til å bruke ressursane rundt seg (Mossige & Huang, 2015). Dersom barnet har denne evna, kan dei lettare søke hjelp, til dømes av å nytte seg av samtalar med hjelpeapparatet. Mange av borna som utviklar resiliens bur i område der det er lite kriminalitet og

narkotikamisbruk (Øverlien, 2012). Dette syner at det å ha individuelle tryggleiksfaktorar i seg sjølv ikkje er nok, men at miljøet og samfunnet rundt kan ha ein stor innverknad. Dette viser igjen viktigheita av å ha eit utviklingsøkologisk perspektiv på utviking av resiliens. Ein må ha eit fokus på heile systemet rundt barnet, då dette påverkar barnet sin situasjon.

8.2 Samspel mellom ulike faktorar, ikkje ei årsaksforklaring

Samspelet mellom dei ulike faktorane som eg nemnde ovanfor er viktig for å forstå resiliens. Utviklinga av resiliens handlar om komplekse samanhengar mellom borna sine individuelle eigenskapar og miljøet rundt (Dyregrov, 2010). Det kan difor vere utfordrande å finne éi årsak til at nokre born klarar seg betre enn andre (Øverlien, 2012). Det er ikkje alltid slik at det å vere utsett for ein type risiko, fører til langvarig vanskar hos born, men at det er summen av fleire faktorar som bidreg til ei skeivutvikling (Bekkhuss, 2012).

Vald er ein risikofaktor for born, og kan som tidlegare nemnd få store konsekvensar for utviklinga til born. Samstundes syner forskning at effekten av ein risiko kan vere liten dersom barnet opplever ein risikofaktor åleine (Bekkhuss, 2012). Eit born kan utvikle resiliens i høve ein gitt risikofaktor, men ikkje naudsynt til eit anna (Dyregrov, 2010). Difor er det ikkje naudsynt slik at born som lever med vald utviklar store vanskar. Det er når barnet opplever mange risikofaktorar samstundes at det kan få store konsekvensar for barnet sin utvikling (Bekkhuss, 2012). Det er difor viktig å vere merksemd på at det er andre risikofaktorar som opptre samstundes med valden. Mossige & Stefansen (2007) kunne gjennom sitt forskingsarbeid kome fram til at dårleg familieøkonomi, rusproblem blant dei vaksne og minoritetsbakgrunn var koplta til ein auka risiko for vald frå foreldre og vitneerfaringar av vald i heimen. Difor kan det vere sannsynleg at eit born som opplever familievald, erfarer fleire risikofaktorar samstundes. Dersom eit born opplever fleire risikofaktorar, kan det vere vanskeleg å finne ut kvar årsaken eigentleg ligg. Den kan ligge i ein av risikofaktorane, i den totale mengda av elende som barnet opplever, eller det kan vere på grunn av samspel mellom enkelte av dei mange risikofaktorane (Heltne & Steinsvåg, 2011). Dei ulike risikofaktorane i tillegg til valden, kan til dømes vere desorganisert tilknytning mellom born og foreldre, rusmisbruk eller at barnet er sårbar for nokre typar risikoar. Dette syner Kvello (2011) ved å sei at *«jo flere tydelige og alvorlige risikofaktorer og jo tidligere i barnets liv disse er til stede, desto verre er prognosen* (Kvello, 2011, s. 164).

Broberg et al., (2006) syner korleis samspelet mellom dei ulike faktorane i barnet og miljøet fungerer slik:

En viss hendelse eller situasjon i et barns liv (...) gir økt sannsynlighet (risiko) for å utvikle psykopatologi. Men om barnet faktisk utvikler en psykisk lidelse (at risikoen realiseres), og i så fall i hvilken form, avhenger av faktorer i barnet selv (både medfødte og tidlig tilegnede) og av alvorret og kontinuiteten i omstendighetene (Broberg et al., 2006, s. 33).

Det vil seie at faktorane hos barnet, som temperament, sårbarheit og personlegdom, kan påverke om barnet utviklar vanskar. Samstundes er det viktig at barnet har faktorar i miljøet som vernar (Broberg et al, 2006). Samstundes som det er viktig å sjå på faktorane hos barnet, påpeikar Kvello (2011) at det kan vere ein fare ved å personleggjere resiliens. Dette trekk Bekkhus (2012) fram som viktig, då ein må sjå utvikling av resiliens som ein genetisk effekt eller fysiologisk respons på miljøet. Grunnen til dette at ein då kan ser på resiliens som noko som er stabilt og uforanderleg, noko det ikkje er. Det er viktig å understreke at risiko- og tryggleiksfaktorar ikkje er statiske, noko som kjem fram av Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell (Kvello, 2011). Det er gjensidige avhengige forhold som verkar inn på born si utvikling, og desse er i stadig forandring (Kvaran, 2010).

Undersøkinga til Mossige & Huang (2015) fortel ikkje noko om andre forhold i heimen som kan utgjere ein risiko saman med valden. Dette kan til dømes vere rusmisbruk, dårleg økonomi eller låg sosioøkonomisk status. Dette er kritisk då fleire risikofaktorar gjer at faren for uheldige konsekvensar for barnet si utvikling er meir sannsynleg (Kvello, 2011). Dersom nokon av desse borna har opplevd vald saman med andre risikofaktorar både i heimen og i miljøet rundt, kan dette auke faren for skeivutvikling. Samstundes er studien svært viktig for å få fram kva som kan vere førebyggjande i arbeidet med born og seinare ungdom.

Likevel kan ikkje undersøkingane til Mossige & Huang (2015) fortelje noko om årsaksforholda. Dei har utført ei forskning på grunnlag av ein kvantitativ metode, og har difor ikkje sett på dei statiske samanhengane (Balci, 2015). Dataa frå ein kvantitativ metode vert analysert statistisk, og gjev berre ei beskriving ut frå tal (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010). Difor vil ikkje denne forskinga gje eit bilete av kva prosessar som skjer i utviklinga av resiliens (Balci, 2015). Forskingsarbeidet fortel derimot kva faktorar som kan vere avgjerande for at nokre born likevel klarar seg bra trass i at dei opplever vald. Gjennom forståing av kva

mekanismer som bidreg til at nokon klarer seg til at nokon klarer seg, vil ein kunne etablere tiltak som kan beskytte eller førebygge mot negative psykologiske vanskar (Bekkehus, 2012).

Undersøkingar som er vorte gjort på risiko- og tryggleiksfaktorar vert gjort undervegs eller i etterkant, der ein ser tilbake på korleis livet har vore. Forskinga som er utført er basert på fleire personar, og korrelasjonar mellom dei. Desse korrelasjonane fortel noko om kva som opptrer saman, men det er ikkje naudsynt tilstrekkeleg for å fastslå årsakssamanhengar (Kvello, 2011). Dei ulike studia er gjort med mange ulike menneske. Når ein arbeider med born, arbeider ein med enkeltpersonar. Difor kan ein aldri vite sikkert om den aktuelle enkeltpersonen er lik mønsteret eller unntaket frå det (Kvello, 2011). Det er ved å følgje det enkelte sitt born si utvikling, at ein trekke konklusjonar om årsaka til at barnet har lykkast i å klare seg trass i at dei opplever vanskelege omstende (Broberg et al., 2006).

8.3 Vert resiliens framstilt som ein mirakelkur?

I dag er det eit stort fokus på resiliens, og kva som kan førebyggje at born som opplever vanskelige livssituasjonar utviklar psykiske problem. Resiliensforskinga har gjeve eit håp om at det er mogleg for born å klare seg godt trass i at dei er utsett for risiko (Borge, 2010). Det er viktig å finne ut av prosessane som ligg til grunn for resiliens, og det gjev viktig innsikt i korleis ein skal hjelpe personar som møter store utfordringar. Det er slik at nokre born utviklar resiliens, og klarer seg godt trass i at dei opplever vanskelege livssituasjonar (Kvello, 2011). Samstundes er det viktig at fokuset på resiliens ikkje vert sett på som ein mirakelkur. Kvello (2011) problematiserer at resiliens kan vere eit forsøk på å trøyste seg med at det kan gå bra med born trass i at dei opplever livssituasjonar som skulle tilseie noko anna. Det kan vere ein fare for at ein ikkje gjer ein målretta innsats ved å bruke gode tiltak fordi ein tenker at det kan gå bra (Kvello, 2011).

Luthar (1993) referert i Kvello (2011, s. 161) hevdar at 85 % av dei resiliente borna, hadde angstlidingar og depresjon, lite formell utdanning, vanskar knytte til arbeidslivet og låg livskvalitet. Det vil seie at dei som tilsynelatande klarer seg godt etter å ha opplevd vanskelege livssituasjonar, likevel ikkje klarer seg like bra som born som ikkje har opplevd tilsvarende. Angstlidingar og depresjon kan, som tidlegare nemnd, vere ein konsekvens av å oppleve familievald (Thoresen & Hjemdal, 2014). Det kan vere lett å skjule psykiske problem, og dette kan ofte vere usynleg for andre (Kvello, 2007). Det kritiske blikket på

resiliensomgrepet er viktig fordi ein på denne måten vert medviten på farane ved å idyllisere omgrepet og bruken av denne.

9.0 Avslutning

I Noreg er familievald eit samfunnsproblem som har fått større merksemd dei seinare åra. Dette vert synleg gjennom ulike handlingsplanar og lovendingar. Born i utvikling er ekstra sårbare for familievald, og dette kan gje konsekvensar for barnet sin vekst, utvikling, helse og livskvalitet. Det kan til dømes føre til at borna seinare får vanskar med å regulere følelsar, sjølvstende og toleranse. Born kan utvikle åtferdsvanskar, og barnet kan verte utagerande og aggressive. Barnet kan utvikle tilknytningsskade som følgje av valden, og dette kan få konsekvensar for mellommenneskelege relasjonar gjennom livet.

Likevel er det ikkje slik at alle born får ei skeivutvikling trass i at dei lever i ein valdeleg heim. Kvifor nokre born klarar seg godt trass i at dei opplever familievald kan ha mange forklaringar, samstundes er det ikkje eit enkelt og tydeleg svar. Resiliensomgrepet er i denne samanhengen sentralt. Resiliens dreiar seg om motstandskraft mot å utvikle psykiske problem, og handlar om born som klarar seg trass i ein vanskeleg livssituasjon. Risiko- og tryggleiksfaktorar kan påverke utviklinga til barnet i positiv eller negativ retning. Tryggleiksfaktorar som er viktig for utvikling av resiliens er temperament, sosial kompetanse, god tilknytning til foreldre, god sosial støtte i nettverket og skule. Dette syner korleis Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell har tyding for forståinga av resiliens. Dette ser ein til dømes gjennom at hjelpeapparatet i kommunen sin kvalitet kan ha stor tyding for utviklinga av resiliens. Samspelet mellom dei ulike faktorane er viktig, og det er naudsynt ikkje slik at det er ei årsaksforklaring på kvifor nokon born klarar seg trass i at dei opplever vald.

Resiliensomgrepet er viktig i arbeid med born som opplever familievald, slik at ein kan setje inn tiltak som kan verne mot skeivutvikling. Dette er difor heilt sentralt i det førebyggjande arbeidet. Ved å fokusere på dei borna som klarar seg bra trass i at dei opplever vald, kan ein finne ut kva som kan førebyggje. Resiliens gjev håp for born som lever i vanskelege livssituasjonar. Likevel er det viktig at ein ikkje skapar eit idyllisk bilete av ein livssituasjon som er skadeleg og vanskeleg for born. Born som opplever familievald skal alltid takast på alvor, og ein skal alltid setje gode tiltak for å betre deira situasjon.

Litteraturliste

- Balci, S. (2015) *Noen klarer seg bedre etter vold og overgrep enn andre*. Henta den 10. Mai frå: <http://forskning.no/barn-og-ungdom-vold-psykologi/2015/10/hvorfor-reagerer-vi-sa-forskjellig-pa-vold-og-overgrep>
- Barnelova (1982). Lov om barn og foreldre. Henta den 10. Mai frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=lov%20om%20barn%20og%20foreldre>
- Bekkehus, M. (2012) *Resiliens, hvorfor klarer noen barn seg på tross av risiko?* Henta den 10. April frå: <http://forebygging.no/Artikler/2014-2012/Resiliens---hvorfor-klarere-noen-barn-seg-pa-tross-av-risiko/>
- Borge, A. (2010). *Resiliens - risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Braarud, H. C., & Raundalen, M. (2011). Familie vold og barns utvikling: Kunnskap fra forskning og praksis. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien* (41-51). Oslo: Universitetsforlaget.
- Broberg, A., Almquist, K., & Tjus, T. (2006). *Klinisk barnpsykologi - utvikling på avveier*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bunkholdt, V (2003). *Utviklingspsykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bø, I. (2012). *Barnet og de andre: nettverk som pedagogisk og sosial ressurs*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dyregrov, A. (2010). *Barn og traumer – en håndbok for foreldre og hjelpere*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Førde, S. (2014). *Tapt barndom, eller...?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Gyldendal Norsk Forlag. (2010). *Øyvind Kvello*. Henta den 5. mai frå <http://www.gyldendal.no/Forfattere/Kvello-OEyvind>

- Heltne, U., & Steinsvåg, P. Ø. Begrepsavklaringer og oversikt Heltne, U., & Steinsvåg P. Ø. (2011). *Barn som lever med vold i familien. Grunnlag for beskyttelse og hjelp*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Isdal, P. (2000). *Meningen med volden*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Johannessen, A., & Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Justis- og beredskapsdepartementet (2014). *Et liv uten vold – Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014 – 2017*. Henta den 20. April frå: https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-2017_et-liv-uten-vold.pdf
- Krisesentersekriteriatet – En organisasjon for krisesentre i Norge (2016) *Tall og fakta*. Henta den 23. April frå: <http://www.krisesenter.com/tall-og-fakta/nasjonalt-statistikk>
- Kvaran, I. (2010). *Teoretisk perspektiver for å forstå barns utvikling og oppvekst*. Henta den 25. April frå: <https://www.fo.no/getfile.php/06%20Profesjonene/Barnevernpedagogene/Artikkelsamling%202010/Inge%20Kvaran.pdf>
- Kvelling, Ø. (2010). *Barn i risiko*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Kvelling, Ø. (2007). *Utredning av atferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kyllingmark, S. S., & Lillevik G. O. (2013). *Når barn er vitne til vold*. Henta den 5. Mai frå: http://fontene.no/mapper/Nar_barn_er_vitne_til_vold.pdf
- Mossige, S., & Huang, L. (2015) *Resilience in young people living with violence and self-harm: evidence from a Norwegian national youth survey*. Henta den 10. April frå: <https://www.dovepress.com/resilience-in-young-people-living-with-violence-and-self-harm-evidence-peer-reviewed-article-PRBM>
- Mossige, S., & Stefansen, K. (2007). *Vold og overgrep mot barn og unge. En selvrapporderingsstudie blant avgangselever i videregående skole*. Henta den 5. April frå: http://www.nova.no/asset/3059/1/3059_1.pdf

Narud, K. (2014). *Vold mot kvinner*. Oslo: Cappelen Damm AS

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (2016). *Vold og overgrep*. Henta den 22. April frå: <https://www.nkvts.no/tema/vold-og-overgrep-i-naere-relasjoner/>

NOU 2012:5. (2012). *Bedre beskyttelse av barns utvikling – Ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning. Henta den 25. April frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/e212cdbe211d4e699983049c3070870e/no/pdfs/nou201220120005000dddpdfs.pdf>

Statens Barnehus – Et tverrfaglig kompetansehus (2016). *Informasjon om familievold – for voksne*. Henta den 22. April frå: <http://www.statensbarnehus.no/barnehus/hamar/brosjyrer/vold-for-voksne/>

Straffeloven (1902). Almindelig borgerlig Straffelov. Henta den 15. mai frå: <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10>

Støren, I. (2013). *Bare søk: praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier*. Oslo: Cappelen Damm.

Thoresen, S., & O. K, Hjemdal. (2014). *Vold og voldtekt i Norge. En nasjonal forekomststudie av vold i livsløpsperspektiv*. NKVTS. Hente den 15. April frå: https://www.nkvts.no/content/uploads/2015/11/vold_og_voldtekt_i_norge.pdf henta 6. April 2016.

Universitetsforlaget. (2016). *Carolina Øverlien*. Henta den 4. Mai frå: https://www.universitetsforlaget.no/Bli-forfatter/Vaare-forfattere/Carolina_OEverlien

World Health Organization (2016). *Definition and typology of violence*. Henta den 2. Mai frå <http://www.who.int/violenceprevention/approach/definition/en/>

Øverlien, C. (2012). *Vold i hjemmet – barns strategier*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Øverlien, C., & Hydén, M. (2007) *Att tvingas lyssna – hur barn bevittnar pappas våld mot mamma*. Norsk senter for barneforskning. Henta den 10. April frå: <https://www.ntnu.no/documents/10458/19133685/overlien.pdf>